

**Sakshandsamar:**

Torbjørn Hasund  
E-post: torbjorn.hasund@sfj.no  
Tlf.: 93004685

**Vår ref.**

Sak nr.: 18/1264-6  
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Dykkar ref.**

NVE  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

**Dato**  
LEIKANGER, 05.09.2018

## Nasjonal ramme for vindkraft

Vi viser til oversending dagsett 08.06.2018.

Norges vassdrags- og energidirektorat jobbar med å utarbeide framlegg til ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Føremålet med den nasjonale ramma er å bidra til at dei beste vindkraft-lokalitetane vert valde når det vert søkt om konsesjon. Det er i arbeidet valt ut 43 analyseområde, 4 av desse i Sogn og Fjordane.

Vi har i vårt svar teke utgangspunkt i oversendingsbrevet om at dette er ei innhenting av fagleg informasjon og ikkje ei generell høyring. Det vil vere naturleg at vi kjem med fråsegn når utkast til ramme vert lagt ut til offentleg ettersyn dersom det då er område i Sogn og Fjordane som er vurderte nærare .

Det er bygt og gitt konsesjon til mange vindkraftanlegg og vasskraftanlegg i Sogn og Fjordane. Dei eksisterande og konsesjonsgjevne anlegga representerer ei betydeleg eksisterande og potensiell belastning på landskap, biologisk mangfald og friluftsliv i eit område, og kunnskap knytt til desse bør og leggjast til grunn for nasjonal ramme. Vi føreset at NVE har oversikt over desse anlegga, kunnskapsgrunnlaget i konsesjonssakene og den miljøbelastninga dei representerer, og vi nemner dei ikkje vidare her.

Sogn og Fjordane har utarbeidd og vedteke fleire regionale planar som kan ha verdi som grunnlag for ei nasjonal ramme for vindkraft på land. Desse vert nemnde under. Vi har og teke med andre plansaker, prosjekt og kunnskapskjelder som vi ser på som relevante.

## REGIONALE PLANAR

### Regional plan for vindkraft

Regional plan for vindkraft vart vedteken av fylkestinget 8. juni 2011. Planen skal leggje til rette for etablering vindkraftanlegg med ein samla årleg produksjon på 3 TWh, innan år 2025.

Planen inneheld vurderingar kring kva område på kysten av Sogn og Fjordane som eignar seg for vindkraftsatsing. I område med gode vindressursar er det mellom anna vurdert kor stort potensialet for konflikt er mellom etablering av vindkraftanlegg og eit utval andre arealinteresser. Ein har delt inn i område med lite, middels eller stort samla konfliktpotensial.

I den politiske del av planen (i kap. 4) er det gjeve retningslinjer for vindkraftutbygging i Sogn og Fjordane. Retningslinjene er som følgjer:

1. Sogn og Fjordane skal leggje til rette for vindkraftanlegg med ein samla kapasitet på ca. 1000 MW (svarar til ca. 3 TWh i årsproduksjon), innan år 2025.
2. Utbygging av vindkraftanlegg skal vurderast i område med lite og middels konfliktpotensial.

3. Vindkraftanlegg som ligg i område med stort konfliktpotensiale vert i utgangspunktet ikkje prioritert, men kan likevel verte vurdert som utbyggingsaktuelle dersom avbøtande tiltak er tilfredstillande, og dersom lokale styresmakter har positiv tilråding.
4. Samlokalisering med industriutbygging, og liknande, skal telje positivt ved vurdering av vindkraftprosjekt.
5. Lokalisering av vindkraftanlegg bør skje på ein måte som minimaliserer behov for ny infrastruktur utanfor anlegga (kraftleidningar, veg, transformatorstasjonar, mv.).
6. Kommunane bør utforme kommuneplanar som er i tråd med desse retningslinene.
7. Fylkeskommunen rår til at tiltakshavar i samband med konsekvensutgreiinga gjer eit forsvarleg arbeid med å kartlegge potensialet for funn av kulturminne, jfr. §9 Lov om kulturminne.
8. Retningslinene gjeld ikkje anlegg som allereie har fått konsesjon eller som fylkeskommunen allereie har gjeve endeleg uttale til.

Sentralt i arbeidet med regional plan var rapporten «Landskapskartlegging av kysten i Sogn og Fjordane fylke». Rapporten vart utarbeidd av Aurland naturverkstad (Rapport 07 – 2009). Kartmaterialet frå rapporten over landskapstypar og verdsetting av landskapsverdiar ligg i kartportalen Fylkesatlas (omtale av den lenger nede).

Gjennom arbeidet med den nasjonale ramma er det for Sogn og Fjordane vald ut 4 analyseområde. Landskapsrapporten frå arbeidet med regional plan for vindkraft er avgrensa til ytre delar av fylket, og slik at store delar av 3 av dei utvalde analyseområda i Sogn og Fjordane (analyseområde 18, 19 og 20) ikkje er med i landskapsrapport og regional plan. Område 7 som omfattar mellom anna Lærdal kommune er ikkje del av arbeidet med regional plan i det heile.

På vår heimeside er det eiga underside der de samla finn [plandokument, kunnskapsgrunnlag og delar av politisk handsaming.](#)

### **Regional plan for vasskraftutbygging**

Regional plan for vasskraft vart vedteken av fylkestinget 11.12.2012. Planen tek ikkje stilling til konkrete utbyggingsprosjekt, den angir heller ikkje konkrete område for verken utbygging eller vern.

Vi tek den med her fordi vi reknar med at delar av kunnskapsgrunnlaget vil kunne vere relevant også for arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft. Mellom anna for å kunne sjå på potensiell totalt belastning av ulike typar kraftutbygging for eit område.

Her er finn de [plandokument, kunnskapsgrunnlag og delar av politisk handsaming.](#)

### **Fylkesdelplan for arealbruk**

Planen vart vedteken 18.10.2000. Planen hadde retningsliner for ei rekkje tema, inkludert landskapsestetikk, friluftsliv og viktige naturområde, biologisk mangfald, kulturminne og kulturlandskap. Med unntak av retningslinene er planen i dag vanskeleg tilgjengeleg (utdatert webbasert løysing). Det vart utarbeidd fleire temakart, mellom anna regionalt viktige friluftsområde. Dei fleste temakarta som vart utarbeidd har vore grunnlag for og blitt tekne opp i seinare revisjonar og arbeid.

Vi legg ved link til [retningslinene](#). Desse er generelle og ikkje knytt til spesifikke geografiske område.

### **Regional strategisk plan for kysten**

Regional strategisk plan for kysten vart vedteken av fylkestinget 13. juni 2018. Planen sitt hovudmål er å skape «ein kystregion som er attraktiv, med folkevekst, vekst og berekraft i næringslivet og fleire gjestande».

Vi tek den med her fordi vi reknar med at delar av kunnskapsgrunnlaget vil kunne vere relevant også for arbeidet med nasjonal ramme for vindkraft, og fordi den mellom anna fortel korleis ein ønskjer å arbeide strategisk framover med mellom anna næring og samferdsle på kysten av Sogn og Fjordane.

Her finn de [plandokument og kunnskapsgrunnlag](#).

### **Regional plan for Nordfjella og regional plan for Ottadalsområdet (villreinområde)**

Planane vart vedtekne i fylkestinget høvesvis 11. juni 2014 og 19. april 2016. Fylkeskommunane vart oppmoda av Miljøverndepartementet til å utarbeide regionale planar for fjellområde som er spesielt viktige for villreinen si framtid. Det vart lagt til grunn at planen skulle avgrense "Nasjonale villreinområde" og fastsetje ei langsiktig arealforvaltning som balanserer bruk og vern. I samsvar med reglane i plan- og bygningslova vil planane vere retningsgjevande for kommunal planlegging og gje føringar for statleg og fylkeskommunal sektorplanlegging.

Begge planane har eigne heimesider. [Regional plan for Nordfjella](#) og [regional plan for Ottadalsområdet](#).

## **ANDRE PLANARBEID OG KJELDER TIL KUNNSKAP**

### **Interkommunal kommunedelplan for Fjellheimen 2016 - 2027**

Planen er eit samarbeid mellom 3 kommunar i Sogn og Fjordane og 4 kommunar nord i Hordaland. I samband med godkjenning av reguleringsplan for Voss Fjellandsby forplikta Voss kommune seg til å utarbeide ein kommunedelplan for Fjellheimen villreinområde.

Plandokumenta ligg mellom anna [her](#) på heimesida til Vik kommune. [NINA-rapport 411 «Villreinen i Fjellheimen»](#) (2009), og [NINA-rapport 920 «Vikafjellet i Fjellheimen villreinområde»](#) (2013) er to sentrale dokument i kunnskapsgrunnlaget til denne planen.

### **Detaljreguleringsplan Aksla (2018)**

Planen legg til rette for uttak av stein i eit fjellområde vest for Svelgen i Bremanger kommune. Planen ligg sentralt i eit område der det er gitt konsesjon til fleire vindparkar (Hennøy, Guleslettene og Bremangerlandet vindkraftverk). Planen har vore til offentleg ettersyn sommaren 2018, men er ikkje vedteken av kommunen. Ein kan få informasjon om planarbeidet med kunnskapsgrunnlag og konsekvensutgreiing ved å kontakte [Bremanger kommune](#).

Vi tek den med her fordi kunnskapsgrunnlag og konsekvensvurdering kan vere av interesse som fagleg grunnlag.


### **Fylkesatlas**

[Fylkesatlas](#) er eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Her ligg samla tilgang til sjøkart, landkart, satellittbilete, ortofoto og tematkart som natur, friluftsliv, kultur, landbruk, planlegging og andre kartfesta tema. Fylkesatlas er bygd opp både av eksterne nasjonale datasett og regionale datasett.

### **Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområde**

Sogn og Fjordane fylkeskommune koordinerer prosjektet Kartlegging og verdsetting av friluftslivs-område i Sogn og Fjordane med mål om at alle kommunar skal ha gjennomført kartlegging av

friluftslivsområda innan 2018. Prosjektet er initiert og vert finansiert av Miljødirektoratet. FNF, Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er leigd inn som prosjektkoordinator. Kartfesta informasjon frå prosjektet vert gjort tilgjengeleg etterkvart som det er klart på [www.fylkesatlas.no](http://www.fylkesatlas.no) og vert og oversendt Miljødirektoratet for utlegging på [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no).



Med helsing

Synnøve Stalheim  
plansjef

Torbjørn Hasund  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

Kopi til:  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane